



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1960 - 19/23609

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
09.08.2019

Tillatelse til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 113/18

Tiltak: Utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg
Byggjestad: Gbnr: 113/18
Tiltakshavar: Irene Eline Valøen Sørli
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS

Delegasjonssak nr.: 452/19

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for 1 hytte datert 28.06.2019 med oppdatert situasjonskart motteke 08.08.2019.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

På vegne av tiltakshavar Irene Valøen Sørli søkjer Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå Spjøtyvegen til hytte på GBNR 113/18. Avkjørsla har vore nytta sida hytta vart teke i bruk for fleire år siden. Dagens parkering vart etablert i forbindelse med bygging av hytte. Tiltaket vart ikkje søkt om. For å få tiltak godkjent vert det no søkt om utvida bruk av eksisterande avkjørsle.

Vurdering/drøfting:

Avkjørsla det søkjast utvida bruk av for 1 hytte har vore nytta som tilkomstveg til hytta i ei årreke. Avkjørsla er etablert på skrått mot kommunal veg. Det er krav om at avkjørsler vert etablert mest mogleg vinkelrett på offentlig veg. Avkjørsla må utbetrast slik at den stettar dette kravet. Kravet er eit tryggingstiltak som skal sikre at avkjørsla vert oversiktlig slik at brukaren får oversikt over kommunevegen i begge retningar.

Samandrag/konklusjon:

Teknisk drift har vurdert søknaden og finn det forsvarleg å gje utvida bruk av eksisterande avkjørsle på vilkår (sjå under).

Vedtak:



Lindås kommune gjev løyve tilutvida bruk av eksisterande avkjørsel frå kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43 med tilhøyrande forskrifter og vegnormalar.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Utbetring av avkjørsle skal utførast av entreprenør som er godkjent for arbeid på og langs kommunal veg. Avkjørsle skal være opparbeida iht tekniske krav og som vist på vedlagt situasjonsplan.
- Under avkjørsle skal det leggest ned eit dreneringsrør med indre diameter på 200 mm. Dreneringsrør skal være kjøresterkt.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikhindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsone skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gong innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonsplan utvida bruk av avkjørsle GBNR 113-18 Spjotøyvegen
Vedlegg lengdesnitt avkjørsle frå kommunal veg GBNR 113-18 Spjotøyvegen

Kopi til:

Irene Eline Valøen Sørli Grønnliveien 14 5300 KLEPPESTØ

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen Hagellia 6 5914 ISDALSTØ
AS